

## Til Vg1-elevar som skal starta på Fitjar vidaregåande skule, skuleåret 2020-2021

### Gratulerer med elevplass ved Fitjar vidaregåande skule.

Det er ei glede å ynskja deg velkomen til skulen vår. Me håpar at me som arbeider her kan innfri forventningane dine til dette skuleåret. Me vil gjera alt me kan for at du skal få eit godt og lærerikt år.

**Skulestart** er måndag 17. august kl. 08:00. Møt opp på plenen utanfor skulen, ved eit skilt merka med namnet på di linje. Derfrå går du og klassen din, saman med kontaktlæraren din, til klasserommet dykkar.

Dersom du veit at du ikkje kan møte første skuledag, er det svært viktig at du gjev oss melding om dette. Det kan du gjera ved å senda oss ein e-post: [post.fiv@vlfk.no](mailto:post.fiv@vlfk.no)  
Dersom du ikkje gjer dette, kan skuleplassen din bli gitt til ein annan søkjar.

På Fitjar er me opptekne av at alle elevar har eit trygt og godt læringsmiljø allereie frå første dag, og alle elevane har difor fått ein «læringspartner» i klassen når dei kjem på skulen. Kontaktlæraren din har laga eit klassekart for skulestart, og du får ein pult med namnet ditt på i klasserommet. Dette vil vera din faste arbeidsplass dei første skulevekene. Lærarane vil gjennomføra ulike aktivitetar slik at du skal bli kjend med dei andre som går i klassen din.

Alle Vg1-elevar vil bli kartlagt i lesing, rekning og engelsk i byrjinga av skuleåret. Kartleggingstestar av elevane sine dugleikar i lesing, rekning og engelsk, saman med startsamtalet, vil gje skulen viktig informasjon som grunnlag for vidare tilrettelegging av opplæringa.

**Lærebøkene** vert lånt ut gratis. Desse låner du på skulebiblioteket vårt. Kladdbøker, skrivesaker og liknande må du kjøpa sjølv.

**Datamaskina** er eit nødvendig verktøy for deg som elev ved ein vidaregåande skule. Du vil få bruk for maskina, både i undervisninga og til administrative gjeremål. Du har sjølv ansvar for å stilla med berbar datamaskin ved skulestart. Du kan velja å bruka eiga maskin, eller å kjøpa i butikk. Du kan òg kjøpa elev-pc til subsidiert pris gjennom leverandøren til Vestland fylkeskommune. Du kan lesa meir om denne ordninga her: <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/elevpc/>

**Skuleskyss:** Elevar med meir enn 6 km avstand mellom heim og skule, har rett på gratis skyss til skulen. Du får skyss-kort på skulen. Elevar som har mindre enn 6 km til skulen, kan kjøpa ungdomskort.

**Lån/stipend:** Alle elever med såkalla ungdomsrett, får utstyrsstipend frå Statens lånekasse. Det er ulikt beløp på stipenda for dei ulike programområda. Du må sjølv søkja om slikt stipend. Nettsøknad finn du her: [www.lanekassen.no](http://www.lanekassen.no)

For at du skal lykkast med opplæringa, er vi avhengig av eit godt samarbeid med deg som elev. Ta godt vare på skuleplassen din og bruk tida på Fitjar vidaregåande skule til å skaffa deg ei god utdanning.

Vi gler oss til å møta deg og bli kjend med deg.

**På nytt velkomen til Fitjar vidaregåande skule!**

*Med vennleg helsing  
Leiinga på Fitjar vgs*

*Leif Helge Engelsen  
Christer Stewart Aarbø  
Guro Betten  
Toril Mork Levåg*

## INFO OM SMITTEVERN OG FØREBYGGING AV SMITTE VED FITJAR VGS

Ved Fitjar vgs er me opptekne av at alle elevar skal ha det bra, føla seg trygge og ha eit godt og sikkert helsefremjande skulemiljø. Sidan mars har koronavirus-pandemien prega kvardagen vår på mange vis. Før sommarferien og i sommar var smitten låg i samfunnet. Det vart opna opp for at fleire kunne samlast, og ein kunne reisa til andre land i det som vart sett på som grøn sone. Dei siste vekene har koronasmitten auka att i samfunnet. Me ønskjer difor å gje ein liten repetisjon på kva smittevernstiltak og reglar som gjeld no ved skulestart. Det er viktig at du føl desse råda, både når du er heime, på skulen, og sjølvstiltak til og frå skulen. Per i dag skal alle elevar, tilsette og alle andre som er innom skulen, halda seg til dei nasjonale reglane som gjeld skular på gult nivå.

### **Før skular med gult nivå gjeld desse reglane:**

- Ingen sjuke skal møta på skulen
- God hygiene
- Unngå fysisk kontakt mellom personar (handhelsing og klemming)
- Heile skuleklassar kan ha undervisning saman
- Elevar bør ha faste plassar i kvart klasserom, eller faste samarbeidspartar/-grupper
- Tilsette kan veksla mellom klassar, men bør halda avstand til elevar så langt det er mogleg
- Utanfor klasserommet vert elevar og tilsette oppmoda om å halde 1 meters avstand til andre i alle situasjonar
- Unngå trengsel og store samlingar

Dersom du har vore på reise i områder med større smittespreiing, må du vera ekstra forsiktig. Alle som har vore i utlandet, med unnatak av enkelte områder i Europa med låg smittespreiing, skal vera i heimekarantene i 10 dagar før ein møter på skulen. Kva for land/område som er unnateke karanteneplikta («grønne land»), vil kunna endra seg raskt, og den enkelte som er/har vore på reise, pliktar å halda seg oppdatert! Du finn oversikt over desse områda på linken under: <https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/fakta/reiserad-knyttet-til-nytt-koronavirus-coronavirus/>

Informasjon om kva tiltak som gjeld kan raskt bli endra. Det er viktig at du/de held dykk oppdatert på kva tiltak som til ei kvar tid gjeld. Du/de kan finne informasjon om dette på desse nettstadane:

*Vestland fylkeskommune - vlfk.no*

<https://www.vestlandfylke.no/om-oss/beredskap/korona/>

*Folkehelseinstituttet - fhi.no*

<https://www.fhi.no/sv/smittsomme-sykdommer/corona/>

*Utdanningsdirektoratet - Udir.no:*

[Veileder om smittevern for ungdomsskole og videregående skole under covid-19 utbruddet 2020](#)